



DEN NORSKE KYRKJA

Helgheim og Ålhus sokneråd Referat

05.05.2026

Styre, råd og utval Helgheim og Ålhus sokneråd	Møtestad Vassenden kyrkjesenter	Møtedato 05.05.2026
Arkiv nr.		Møteslutt 2000

Til stades på møtet:

Desse møtte:

Hildegunn Huus (leiar Helgheim), Steinar Dvergsdal, Bjørn Anders Steinsund, Norvall Nedrebø, Anette Svidal Slåtten (leiar Ålhus), Ingeborg Bråttvik Slåtten, Solveig Steenslid Lesto, Inger Johanne Klakegg, Ingunn, Støfringsstøl, Bernt Kjøsnes, Magne Kristian Kvinge (1.vara). prost Knut Magne Nesse, Silje Sørebo (under sak 17/26) Aud Førde.

Meldt forfall

Marit Vallestad og Camilla Klakegg

Saker 10 – 17/26

Opning v / Hildegunn og dagens ord med Knut Magne

Sakliste:

Sak 10/26 Godkjenning av innkalling.

Vedtak: Innkallinga godkjent utan merknad.

Sak 11/26 Godkjenning av referat av 26.03.26

Vedtak: Referat godkjent utan merknad.

Sak 12/26 Gudstenesteplan sommar og haust 2026.

Plan vart lagt fram på møte og denne vart gjennomgått.

Det blir sendt ut ny oppdatert liste.

Ny prest : Selma tar over konfirmantundervisninga etter Silje. Vil vere litt overlapping i første veka. Andakt ved omsorgssentera vil gå som tidlegare.

Sak 13/26 Konfirmantfesten 19. april 2026.

Anette orienterte om ein vellykka og kjekk kveld både for konfirmant og foreldre. Ein frå soknerådet hadde ansvar for kvar "stasjon" – fungerte godt. Litt lite mat i år, men i fjord var det for mykje - so vanskeleg å planlegge dette.

Foreldre orientert om at neste år er det dei som skal hjelpe til.

Dette er ein unik fest som vi må behalde.

Sak 14/26 Innsetting av vår nye sokneprest Selma Dahle Kraft.

Orientering frå Knut Magne:

Selma blir ordinert i Oslo domkyrkje 28.07.26 – dette skjer saman med 5 andre nyutdanna prestar.

Innsetting i Jølster blir 23.08.26 i Helgheim kyrkje kl 11 og Ålhus kyrkje



DEN NORSKE KYRKJA

Helgheim og Ålhus sokneråd Referat

05.05.2026

Kl 14. Dette foregår i ein sermoni på starten av gudstenesta. Brev frå biskopen blir lesen opp av ein frå soknerådet saman med blomster utdeling. Den nye presten tar so over resten av gudstenesta.

Det er 50 års konfirmantar og presentasjon av nye konfirmantar denne dagen so vi må ha ekstra mat til kyrkjekaffien. Sjekke med diverse personar frå kommunen om å stille på i gudstenesta.

Sak 15/26 Kyrkjelydstur 2026

Steinar orienterte om evt. tur til Vik og besøk i 2 kyrkjer. Køyrer over Gaularfjellet og vidare til Vangsnes. Tidlegare turar har vore kjekke og bra oppmøte - blir opplagt som tidlare med Vidar Feldt som sjåfør og buss leigt frå Firda Billag. Astrid Feldt har vore medhjelpar på bussen. Det blir jobba vidare med dette opplegget.

Sak 16/26 Meldingar/orientering

Info frå Skei Vasskortet v/dirigent Gro Gunnarson. Planlagde Songkveldar : Song mot sommaren i Ålhus sokn og Song mot hausten i Helgheim sokn. Song mot sommaren vert 04.06.26 kl 18 på Vassenden kyrkjesenter.

Sak 17/26 Trusopplæringa i Jølster - informasjon og orientering av Silje

Silje og Gerd er tilsette i 20% stilling kvar som trusopplærar. Det er likt tilbod både i Helgheim og Ålhus sokn og noko er felles samlingar. Det er godt oppmøte på dei forskjellige samlingane, men kanskje litt dårleg oppmøte der det er gudstenestene i etterkant.

Tilbod til ungdom etter konfirmasjonsalder står ikkje på planen – er dette noko vi ønskjer ? 10. klasse har hatt tilbod om leir på Alværa – ein kostnad på kr 1000 pr deltakar, der eigenandel var kr 500. Når planen blir revidert må opplegg for ungdomen kome med.

Vedtak: Soknerådet er positive til at det blir jobba med å få til leir for 10. klasse. Kostnad ca 500 pr deltakar. Gjerne leir saman med ungdomar frå andre sokn.

Gåve til konfirmantane : I år vart det gjeve eit trekors smykke på konfirmasjonsdagen – dette vart godt motteke.

Det nye testamentet får konfirmantane i 4 klasse og treng ikkje få noko ny bok på presentasjonsdagen. Det kan opplysast at dei kan finne fram den dei fekk i 4 klasse om dei ikkje finn den må dei ta kontakt. Det finst og eit lett lest evangeliehefte – dette kan vurderast å ta i bruk seinare.

Silje takka og for ein god konfirmantfest – den er unik.



DEN NORSKE KYRKJA

Helgheim og Ålhus sokneråd Referat

05.05.2026

Vedtak: God ide med tre kors smykke på konfirmasjonsdagen og ikkje rose utdeling.

Hausttakkefest : Blir 13.09.26 og i år er planen å ha den utanfor Helgheim kyrkje – ved det nye grindabygget.
Det blir grilling og aktivitet. Om dårleg veir blir det inne i kyrkja.

"Veikryss" – ungdomsleir i Bergen i august.
Intresserte ungdomar frå Sunnfjord kan få reise ilag med ein voksen.

Aud Førde
møteskrivar